

## Språk, litteratur og kultur

Dette praksisdømet er basert på artikkelen «diftongane sin inntogsmarsj» av Hege Glad (Norsklæraren 1/2014) og eit opplegg som vart gjennomført ved Aure barne- og ungdomsskule.

---

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 01.08.2016

---

**Årssteg:** 8-10

**Tidsbruk:** Om lag 4 skuletimar (men det er sjølvstøtt også mogleg å bruke meir om ein vil gå djupare inn i stoffet. Tidsbruken kjem også an på om elevane gjer datainnsamlinga i eller mellom timar).

### Hovudområde i norsk

Språk, litteratur og kultur

#### Aktuelle kompetansemål i norsk etter 10. årssteget

- gjøre rede for noen kjennetegn ved hovedgrupper av talemål i Norge, og diskutere holdninger til ulike talemål og til de skriftlige målformene nynorsk og bokmål
- beherske grammatiske begreper som beskriver hvordan språk er bygd opp
- forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag

### Hovudområde i faget fordjupning i norsk

## Aktuelt kompetansemål

Planlegge, gjennomføre og presentere en undersøkelse av hvordan barn og unge bruker språk i eget nærmiljø og hvordan språk brukes ulikt av ulike aldersgrupper.

## Rekning som grunnleggjande ferdigheit

I dette undervisningsopplegget hentar elevane inn data som skal fortelje noko om korleis talemålsvariasjonen er blant folk i nærområdet når det gjeld eitt eller fleire ord. Denne informasjonen må elevane bearbeide og bruke, og deretter presentere informasjonen på ein god og formålstenleg måte. Elevane må vere kjende med omgrep som representativt utval og gjennomsnitt, og representasjonar som tabellar og grafar.

### Oppgåve til elevane

1. Klassen kjem saman fram til eitt eller fleire ord som dei vil undersøkje nærmare. Finn ut kva for variantar av orda som finst, og lag og gjennomfør ei spørjeundersøking.
2. Analyser resultatet av spørjeundersøkinga og finn ein passende måte å presentere resultatet på.
3. Kva kan ein lese ut frå resultatet?
4. Alder/generasjon, om ein er oppvaksen i området eller innflyttar, utkant-/sentrumsbuar og kjønn kan vere faktorar som er med på å forklare variasjon i talemålet. Dersom det er store skilnader knytte til generasjonar, er det råd å bruke undersøkinga som eit grunnlag for å diskutere utvikling og endringar i talemålet over tid (sjå artikkelen i Norsklæraren).

### Nærare beskriving av opplegget

Læraren og elevane diskuterer kva dialektar er, og kva for trekk som finst i språket til dei som bur i nærområdet. Dersom ikkje elevane har arbeidd med temaet før, kan det vere lurt å gje dei ei innføring om dialektar. Eksempel på spørsmål til diskusjon:

1. Pratar dei gamle på same måten som dei unge?
2. Er det nokon skilnad på dei som er oppvaksne i området og dei innflytta?

Etter at oppgåve 1 er presentert for elevane, må læraren saman med elevane samtale om korleis ei spørjeundersøking skal gjennomførast. Kva form skal spørjeundersøkinga ha, og kor mange må spørjast for å få eit representativt utval?

Klassen kjem saman fram til kva for ord dei vil sjå nærare på. Det kan løne seg å dele klassen i mindre grupper når datainnsamlinga skal skje.

Etter at datainnsamlinga er ferdig, må elevane i fellesskap kome fram til ein eigna representasjon for å vise resultatet. Ein måte å gjere det på er at kvar gruppe skal presentere sitt resultat. På den måten blir mange representasjonar synleggjorde.

Etter at spørjeundersøkinga er presentert, må elevane samanlikne resultatet med dei spørsmåla klassen samtalte om i starten av timen. I tillegg er det viktig å samtale om dei skilnadene som finst, og kvifor dei finst.

## **Vurdering av kompetansemål**

Kompetansemåla i norsk er fyrst og fremst knytte til kunnskap om språkleg variasjon, dialektar og grammatiske omgrep. Det er difor viktig at denne undersøkinga vert eit møte med terminologi frå språkvitskapen. Det vil seie at ein brukar omgrep som språkleg variasjon og målmerke, og at ein identifiserer dei språklege trekka ein vil undersøkje på dialektkartet. Det er også eit poeng å identifisere orda ein tek med i språkundersøkinga grammatisk (ordklasse og morfologi, til dømes «substantivet jente i ubunden form fleirtal vert uttala på denne måten»). I vurderinga av om eleven har nådd kompetansemåla, vil det vere relevant å sjå etter slik kunnskap. Dersom ein treng eit produkt som grunnlag for vurdering, kan kvar gruppe ha ein presentasjon. I faget fordjuping i norsk vil vurderinga av kompetansemålet vere knytt til gjennomføring av undersøkinga.

## **Tre prosessar i rekning**

### **Gjenkjenne og formulere**

Elevane må kjenne att tabellar som representasjon og vite korleis det kan brukast som reiskap i spørjeundersøkingarbeidet. På den måten formulerer elevane ein matematisk modell knytt til problemet.

### **Bruke og bearbeide**

Etter at elevane har forma ein matematisk modell, må dei bruke og bearbeide tala i modellen slik at dei kjem fram til ei matematisk løysing. Det betyr at dei tala som er henta inn frå spørjeundersøkinga, blir brukte på rett måte i modellen.

### **Tolke og vurdere**

Når elevane har kome fram til ei matematisk løysing, må dei tolke og vurdere resultatet opp mot den verkelege situasjonen. I denne oppgåva handlar det mellom anna om at elevane vurderer resultatet opp mot diskusjonsspørsmåla klassen samtala om i starten på timen. Er det nokon samanheng? Er resultatet logisk/realistisk? I tillegg må elevane vurdere om modellen deira synleggjer resultata på ein god måte.

### **Kommunisere**

Kommunikasjon er gjennomgåande i heile problemløysingsprosessen. I dette opplegget må elevane kunne

formidle til kvarandre kva dei meiner er det matematiske innhaldet. Elevane må kunne formidle funna sine ved å bruke representasjonar, anten skriftleg eller munnleg. Dei må kunne forklare for kvarandre korleis tala i spørjeundersøkinga skal brukast på rett måte i den matematiske modellen deira. Til slutt må elevane forklare kva resultatet deira gjev svar på, sett i samanheng med oppgåvene.